

## Rammeavtale om oppdrag i Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen

Lønsmottakarar

### 1. Føremål og bruksområde

Vilkåra gjeld for oppdrag i Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen (heretter kalla fylkeskommunen), når oppdraget vert utført av kunstnarar og formidlarar som er midlertidig tilsette arbeidstakarar (jf Lov av 17.6.2005 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova) (aml)).

Vilkåra gjelder ikkje når oppdraget vert ivareteke av institusjonar der dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår er regulert i eigne tariffavtaler.

### 2. Vilkår

#### 2.1. Generelt

Fylkeskommunen utsteder skriftlig arbeidsavtale og viser til rammeavtalen i denne jf aml §§ 14-5 og 14-6. Ved at det vert inngått arbeidsavtale med fylkeskommunen vil gjeldande hovudtariffavtale for KS-området så langt den passar gjelde i tillegg til arbeidsavtalen og rammeavtalen.

Arbeidsavtalen vert inngått som eit midlertidig arbeidsforhold for den avtalte perioden.

#### 2.2. Løn

##### 2.2.1. Løn for formidlingsdagar

Arbeidstakarar skal lønast med kr 2 730,- pr. formidlingsdag gjeldande frå 01.08.2015, og med kr 2 894,- pr. formidlingsdag gjeldande frå 01.01.2016.

##### 2.2.2. Løn for reisedagar

Dersom det avtalte, fastsette turnéopplegget inneholder skuledagar det ein ikkje kan formidle på og ein heilt eller delvis må vere på hotell eller reise, skal det verte betalt løn for disse dagane. Løna er 75 prosent av avtalt løn pr. formidlingsdag.

Dersom reisetida på reisedagar utan formidlingsopplegg overskrid 10 timer, skal det utbetalast løn med 50 prosent av avtalt løn pr. formidlingsdag. Dette gjeld også ved reise frå heimstad til formidlingsstad og ved reise frå formidlingsstad til heimstad.

##### 2.2.3. Løn for avtalt førearbeid

Avtalt arbeid med å ferdigstille ein produksjon, klargjere utstyr og deltaking i møter som fylkeskommunen kallar inn til, vert løna med kr 416,- pr. time gjeldande frå 01.08.2015, og med kr 441,- pr. time gjeldande frå 01.01.2016.

Det skal betalast løn for minst 2 timer for kvart frammøte.

##### 2.2.4. Spesielle tilfelle

I spesielle tilfelle kan det verte avtalt høgare løn enn skrive ovanfor.

##### 2.2.5. Feriepengar

Feriepengar kjem i tillegg til avtalt løn med 12 prosent og vert utbetalatt saman med løn for oppdraget.

#### 2.3. Reisekostnadar mv.

For medverkande arbeidstakarar dekkjer fylkeskommunen reisekostnader og yter godtgjersle i iht generell særavtale om reiseregulativet (SGS 1001).<sup>1</sup>

<sup>1</sup> SGS 1001 er i det store og heile samanfallande med statens reiseregulativ.

## 2.4. Eigen sjukdom og sjukdom til barn og barnepassar

Sjukdom eller skade som kan ha innverknad på prøver eller formidling skal meldast til fylkeskommunen snarast.

For arbeidstakarar gjeld i tillegg til folketrygdelova og hovudtariffavtalen følgjande vilkår:

1. Ved arbeidsuførhet på grunn av sjukdom eller skade i arbeidsperioden (avtalte prøver og formidlingsoppdrag) har den medverkande rett på full løn i samsvar med oppsett gjennomførings- eller turnéplan og for evt. avtalte prøvar i eit tidsrom tilsvarande folketrygdlovas arbeidsgivarperiode.
2. Retten gjelder frå 1. turnédag utan omsyn til folketrygdlovas bestemming om oppteningstid.
3. Ein medverkande som har omsorg for barn, har ved barnet eller barnepasser sin sjukdom i kontraktperioden rett til permisjon i samsvar med bestemming i arbeidsmiljølova § 12-9. Slik permisjon vert gitt med full løn i samsvar med oppsett gjennomførings- eller turnéplan og for evt. avtalte prøvar.

Sjukepengar som arbeidstakaren har rett til frå Folketrygda i arbeidsgjevarperioden går til fylkeskommunen, avgrensa opp til fylkeskommunen sine utbetalinger.

## 2.5. Forsikring

### 2.5.1. Personforsikringar

Fylkeskommunen pliktar å teikne yrkesskadeforsikring og reiseforsikring for medverkande arbeidstakarar.

### 2.5.2. Forsikring av utstyr og instrumenter

Fylkeskommunen pliktar ikke å teikne forsikring for utstyr og instrument som den medverkande nytter under oppdraget.

## 2.6. Avlysing

1. Både fylkeskommunen og den medverkande pliktar å gjere det som er mogleg for at eit oppdrag skal kunne verte gjennomført.
2. Dersom eit oppdrag må avlyast pga. fråfall frå ein eller fleire av dei medverkande, f.eks. ved sjukdom eller andre uforutsette forhold, kan fylkeskommunen sei opp heile eller deler av avtalen med 14 dagars frist rekna frå den dagen oppseilinga er arbeidstakaren i hende.
3. Innanfor oppseilingsfristen består arbeidstilhøvet og fylkeskommunen skal betale ordinær løn for avtalte formidlingsdagar, reisedagar og evt. førearbeid. Med mindre anna vert avtalt skal fylkeskommunen dekke reisekostnadane for arbeidstakaren sin reise tilbake til heimstaden.

## 3. Anna

### 3.1. Andre produksjonskostnadar

I tillegg til løn for bruk arbeidstid skal andre produksjonskostnadar helt eller delvis dekkast av fylkeskommunen etter nærmare avtale mellom partane.

Med andre produksjonskostnadar er meint alle kostnadar som er knytt direkte til den gjeldande turnéen – som til eksempel leige av utstyr frå eksterne bedrifter og produksjon eller innkjøp av forbruksmateriell som inngår i formidlinga. Normalt vil alle slike variable produksjonskostnadar verte dekt av fylkeskommunen.

Sjå elles eiga bestemming om reisekostnader mv.

### 3.2. Vederlag for opphavsrett

Vederlag til opphavsrettshavar for eventuelle framføringsrettigheter (også når den medverkande sjølv er opphavsrettshavar) skal verte dekt av fylkeskommunen etter nærmare avtale mellom partane. For kunstområder der det fins nasjonale avtaler eller allment anerkjende standardar for slike vederlag, skal vederlaget verte fastsett iht. disse.

### **3.3. Omfang**

Fylkeskommunen skal planlegge gjennomføringa av oppdraget i samråd med den eller dei medverkande eller ein representant for denne eller desse. Turnéen skal leggast opp og tal formidlingar pr. dag verte tilpassa det enkelte prosjektet slik at det blir tilstrekkeleg tid til transport, rigging og nedrigging, oppvarming og kvilepausar.

Oppdraget skal kunne gjennomførast innanfor følgjande rammer:

1. For konsertar, dans og scenekunst skal samla effektiv formidlingstid ikkje overstige 2,5 timer pr. dag.
2. For föreläsningar, formidling av litteratur, kunstutstillingar, filmpresentasjonar o.l. skal samla effektiv formidling ikkje overstige 3 timer pr. dag.
3. For verkstader skal samla verkstadtid inkludert aktiv formidling og elevaktiviteter ikkje overstige 5 timer pr. dag.
4. Tida frå tenesta startar til den sluttar same dag skal, inkludert reisetid, ikkje overstige 10 timer.

Avreise frå overnattingsstad skal normalt ikkje skje før kl. 07.30.

Rammene ovanfor kan verte overskrida med den eller dei medverkande sitt samtykke. For dei dagane dette skjer, skal det verte betalt 50 prosent tillegg til avtalt løn.

### **3.4. Fysisk tilrettelegging av formidlingslokalar**

Fylkeskommunen definerer i samråd med den eller dei medverkande premissane for fysisk tilrettelegging av dei ulike produksjonane overfor lokal arrangør. Dersom dei fysiske lokalitetane som vert tilbydt ikkje tilfredsstillar dei premissane som ligg føre og den eller dei medverkande meiner at det ikkje er forsvarleg å gjennomføre formidlinga, skal eventuell avlysing skje i samråd med fylkeskommunen.

### **3.5. Opptak og kringkasting**

1. Med mindre den medverkande på eit initiativ motsett seg det, kan fylkeskommunen utan særskilt vederlag dokumentere (lyd- og biletoppakt) ei formidling for interne føremål.
2. Varig eller midlertidig lyd og/eller biletoppakt av ein formidling kan berre skje med den medverkande sitt samtykke, jf åndsverklova § 42. Ein skal i kvart einskild tilfelle inngå særskilt skriftleg avtale om vederlag og nærmare vilkår for bruk av opptaket. Denne betemminga er ikkje til hinder for at formidlinga kan verte kringkasta eller attgjeven når dette skjer som nyhendedekning; jf åndsverklova § 25. Bestemminga er heller ikkje til hinder for anna bruk som er tillaten etter åndsverklova.

## **Rammeavtale om oppdrag i Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen**

**Sjølvstendig næringsdrivande**

### **1. Føremål og bruksområde**

Vilkåra gjeld for oppdrag i Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen (heretter kalla fylkeskommunen), når oppdraget vert utført av sjølvstendig næringsdrivande uavhengig av valt organisasjonsform (heretter kalla oppdragstakar).

Vilkåra gjeld ikkje når oppdraget vert ivareteke av institusjonar der dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår er regulert i eigne tariffavtaler.

### **2. Vilkår**

#### **2.1. Generelt**

Fylkeskommunen utsteder skriftlig oppdragsavtale og viser til rammeavtalen i denne.

Fylkeskommunen krev rett til innsyn i oppdragstakar sin dokumentasjon for at oppdragstakar sine tilsette eller underleverandør har tilfredsstillende løns- og arbeidsvilkår.

#### **2.2. Honorar**

##### **2.2.1. Honorar for formidlingsdagar**

Oppdragstakar skal honorerast med kr 3 508,- pr. formidlingsdag gjeldande frå 01.08.2015, og med kr 3 718,- pr. formidlingsdag gjeldande frå 01.01.2016.

##### **2.2.2. Honorar for reisedagar**

Dersom det avtalte, fastsette turnéopplegget innehold skuledagar ein ikkje kan formidle på, og ein heilt eller delvis må vere på hotell eller reise, skal det verte betalt honorar for desse dagane. Honoraret er 75 prosent av avtalt honorar pr. formidlingsdag.

Dersom reisetida på reisedagar utan formidlingsopplegg overskridt 10 timer, skal det verte betalt honorar med 50 prosent av avtalt honorar pr. formidlingsdag. Dette gjeld også ved reise frå heimstad til formidlingsstad og ved reise frå formidlingsstad til heimstad.

##### **2.2.3. Honorar for avtalt førearbeid**

Avtalt arbeid med å ferdigstille ein produksjon, klargjere utstyr og deltaking i møter som fylkeskommunen kallar inn til, vert honorert med kr 534,- pr. time gjeldande frå 01.08.2015, og med kr 566,- pr. time gjeldande frå 01.01.2016.

Det skal betalast honorar for minst 2 timer for kvart frammøte.

##### **2.2.4. Spesielle tilfelle**

I spesielle tilfelle kan det verte avtalt høgare honorar enn skrive ovanfor.

#### **2.3. Reisekostnader mv.**

For medverkande som er oppdragstakarar dekker fylkeskommunen dokumenterte utgifter til reise, kost og overnatting etter faktura, avgrensa opp til satsane i generell særavtale om reiseregulativet (SGS 1001).<sup>1</sup>

#### **2.4. Eigen sjukdom og sjukdom til barn og barnepassar**

Sjukdom eller skade som kan ha innverknad på prøver eller formidling skal meldast til fylkeskommunen snarast.

---

<sup>1</sup> SGS 1001 er i det store og heile samanfallande med statens reiseregulativ.

2. For forelesningar, formidling av litteratur, kunstutstillingar, filmpresentasjonar o.l. skal samla effektiv formidling ikkje overstige 3 timer pr. dag.
3. For verkstader skal samla verkstadtid inkludert aktiv formidling og elevaktivitetar ikkje overstige 5 timer pr. dag.
4. Tida frå tenesta startar til den sluttar same dag skal, inkludert reisetid, ikkje overstige 10 timer. Avreise frå overnattingssted skal normalt ikkje skje før kl. 07.30.

Rammene ovanfor kan verte overskrida med den eller dei medverkande sitt samtykke. For dei dagane dette skjer, skal det verte betalt 50 prosent tillegg til avtalt honorar.

#### **3.4. Fysisk tilrettelegging av formidlingslokalar**

Fylkeskommunen definerer i samråd med oppdragstakar premissane for fysisk tilrettelegging av dei ulike produksjonane overfor lokal arrangør. Dersom dei fysiske lokalitetane som vert tilbydt ikkje tilfredsstillar dei premissane som ligg føre og oppdragstakar meiner at det ikkje er forsvarleg å gjennomføre formidlinga, skal eventuell avlysing skje i samråd med fylkeskommunen.

#### **3.5. Opptak og kringkasting**

1. Med mindre den medverkande på eige initiativ motsett seg det, kan fylkeskommunen utan særskilt vederlag dokumentere ( lyd- og bildeopptak) ei formidling for interne føremål.
2. Varig eller midlertidig lyd og/eller billeddokumentasjon ( opptak) kan berre skje med den medverkande sitt samtykke, jf åndsverklova § 42. Ein skal i kvart einskilde tilfelle inngå særskilt skriftleg avtale om vederlag og nærmare vilkår for bruk av opptaket. Denne bestemminga er ikkje til hinder for at formidlinga kan verte kringkasta eller attgjeven når dette skjer som nyhendedekning; jf åndsverklova § 25. Bestemminga er heller ikkje til hinder for annan bruk som er tillaten etter åndsverklova.

Oppdragstakar som på grunn av arbeidsuførhet ikkje kan møte til avtalte prøver og/eller formidlingsoppdrag vert fristilt frå kontrakten så lenge arbeidsuførheten varer. Fylkeskommunen kan krevje at arbeidsuførheten vert dokumentert med legeerklæring.

Oppdragstakar som har omsorg for barn under 13 år har ved barnet eller barnepassar sin sjukdom i kontraktperioden rett til å vert fristilt frå kontrakten i dei same tilfelle og i det same omfang som arbeidstakarar har rett til permisjon, jf aml § 12-9.

Oppdragstakar har ikkje rett til honorar eller annan godtgjersle for oppgåver som fell bort av slike årsaker.

## **2.5. Forsikring**

### **2.5.1. Personforsikringar**

Fylkeskommunen pliktar **ikkje** å teikne personforsikringar for medverkande som utfører oppdrag et i eigen næring.

### **2.5.2. Forsikring av utstyr og instrument**

Fylkeskommunen pliktar **ikkje** å teikne forsikring for utstyr og instrumenter som den medverkande bruker under oppdraget.

## **2.6. Avlysing**

1. Både fylkeskommunen og oppdragstakar pliktar å gjere det som er mogleg for at eit oppdrag skal kunne verte gjennomført.
2. Dersom eit oppdrag må avlyast pga. fråfall frå ein eller fleire medverkande, f.eks. ved sjukdom eller andre uførutsette forhold, kan fylkeskommunen sei opp heile eller deler av avtalen med 14 dagars frist rekna frå den dagen oppseininga er arbeidstakaren i hende.
3. Innanfor oppseingsfristen skal fylkeskommunen betale honorar for avtalte formidlingsdagar, reisedagar og evt. førearbeid. Med mindre anna blir avtalt skal fylkeskommunen dekke reisekostnadane for arbeidstakaren tilbake til heimstaden.

## **3. Anna**

### **3.1. Andre produksjonskostnadar**

I tillegg til honorar for brukt arbeidstid skal andre produksjonskostnadar heilt eller delvis dekkast av fylkeskommunen etter nærmare avtale mellom partane.

Med andre produksjonskostnadar er meint alle kostnadar som er knytt direkte til den gjeldande turnéen – som til eksempel leige av utstyr, inkludert avskriving og vedlikehald samt produksjon eller innkjøp av forbruksmateriell som inngår i formidlinga. I tillegg dekking av deler av produksjonsunderskot og evt. lagerleie for utstyr. Normalt vil alle slike produksjonskostnadar verte dekt av fylkeskommunen.

### **3.2. Vederlag for opphavsrett**

Vederlag til opphavsrettshavar for eventuelle framføringsrettigheter (også når den medverkande sjølv er opphavsrettshavar) skal verte dekt av fylkeskommunen etter nærmare avtale mellom partane. For kunstområder der det fins nasjonale avtaler eller allment anerkjende standardar for slike vederlag, skal vederlaget verte fastsett iht. disse.

### **3.3. Omfang**

Fylkeskommunen skal planlegge gjennomføring av oppdraget i samråd med oppdragstakar eller ein representant for denne. Turnéen skal leggast opp og tal formidlingar pr. dag verte tilpassa det enkelte prosjektet slik at det blir tilstrekkeleg tid til transport, rigging og nedrigging, oppvarming og kvilepausar.

Oppdraget skal kunne gjennomførast innanfor følgjande rammer:

1. For konserter, dans og scenekunst skal samla effektiv formidlingstid ikkje overstige 2,5 timer pr. dag.